



TYSNES SPAREBANK - ÅRSRAPPORT 2015

INNHALD

Banksjefen har ordet	s 4
Årsmelding	s 6
Årsrekneskap	s 14
Kontantstraumanalyse	s 17
Nøkkeltall	s 18
Noter	s 19
Revisors årsmelding	s 34
Kontrollkomiteens årsmeding	s 36
Styrende organer	s 37



BAKKAFOSSEN
AV CAMILLA KORSNES

BANKSJEFEN HAR ORDET

Tysnes Sparebank har i løpet av 2015 fått stor merksemd i regionen.

Merkevara Tysnes Sparebank har vorte eit omgrep som dei fleste kjenner til. Når dei regionale bankane varslar kostnadsreduksjonar og kontornedlegging, vert det uro hjå mange kundar. Me har registrert at med den frittstående lokalbanken på Tysnes.

Året 2015 vart historisk for banken då 200 personar og bedrifter inves-

terte til saman 35 millionar kroner i eigenkapitalbevis. Interessa for banken var så stor at ikkje alle fekk så store teikningar som dei ynskte.

Den nye kapitalen medførte at banken var i stand til å veksa. Banken må veksa for å kunna styrkja seg som ein frittstående lokalbank i vår region. Når banken vert større, aukar også tilbodet på interessentar som ynskjer å gjera forretningar med banken.

For å veksa er banken avhengig av medarbeidarar som kvar dag arbeider hardt for at du som kunde skal oppleve verdiane våre i praksis.

Verdiane våre er:

- V – verdiskapande
- E – engasjert
- T – tilgjengeleg



Dei dyktige medarbeidarane våre har i løpet av 2015 vist at banken klarer å nå målsetjingane. Det som for oss toppa dette, var då banken vart kåra til den mest framgangsrike banken blant alle dei 74 bankane i Eika-alliansen. Det var ein stolt augneblink for oss alle då dette vart kunngjort.

Banken har gode rutinar og ein sterk intern kultur, noko som er viktig å ha som grunnlag når banken skal veksa vidare. Eit godt kreditthandverk er avgjerande for at banken skal lukkast med målet om lønsam vekst i åra som kjem.

Lønsam vekst er det viktigaste målet for å tryggja lokale arbeidsplassar og ein frittstående bank i framtida.

Me har auka distribusjonskrafta i banken ved å opna to nye kontor i 2015. Dei første kontora utanfor kommunen vart opna på Husnes og på Lagunen. Begge kontora viser god utvikling saman med hovudkontoret på Våge, Tysnes.

Me vurderer jamleg nye kontor-etableringar for å betra distribusjonen ytterlegare.

For 2016 ynskjer me fleire nye person- og bedriftskundar. Hå oss skal du oppleve «den mest personlege banken i verda». Ein bank du kan stola på både i oppgangs- og nedgangstider.



Dag Sandstål

EIKA ALLIANSEN

Tysnes Sparebank er aksjonær i Eika Gruppen AS og er ein av 74 lokalbankar i Eika Alliansen. Lokalbankane, Eika Gruppen og Eika Boligkreditt utgjer Eika Alliansen. Eika Alliansen er ei av dei største finansgrupperingane i Noreg, med ein samla forvaltningskapital på meir enn 300 milliardar kroner.

LOKALBANKANE VED DI SIDE

Lokalbankar har bidrege til økonomisk utvikling og tryggleik for privatkundar og lokalt næringsliv i norske lokalsamfunn i snart 200 år. Lokalbankane i Eika Alliansen har fullt sjølvstende og styrer sin eigen strategi og si lokale merkevare. Nærleik og personleg engasjement for kundane og lokalsamfunnet, kombinert med inngående kunnskap om kva behov kundane har, og om den lokale marknaden for bedriftene, er det viktigaste konkurransefortrinnet til lokalbankane. Lokalbankane i Eika Alliansen er dermed unike og viktige økonomiske bidragsytarar til vekst og utvikling for både privatpersonar og norsk samfunns- og næringsliv – i første rekke gjennom engasjementet sitt for lokalsamfunnet og som tilbydar av økonomisk rådgiving, kreditt og finansprodukt tilpassa lokalt næringsliv og folk flest. Lokalbankane i Eika Alliansen har nokre av dei mest tilfredse kundane i landet både i personmarknaden og bedriftsmarknaden. Med 190 bankkontor i 120 kommunar representerer lokalbankane ein viktig aktør i norsk finansnæring og bidreg til verdiskaping i næringslivet i mange norske lokalsamfunn.

EIKA GRUPPEN STYRKJER LOKALBANKEN

Eika Gruppen utgjer finanskonsernet i Eika Alliansen, og visjonen til konsernet er «Vi styrkjer lokalbanken». Kjerneverksemda til konsernet er tenesteleveransar til lokalbanken og lokalbanken sine kundar. Eika Gruppen utviklar og leverer tenester som understøttar

stabil og effektiv bankdrift, og dessutan løysingar og kompetanse som skal sikra vidare vekst og utvikling i bankane, lokalsamfunnet og ikkje minst for kundane. Konkret inneber det blant anna å levera ei komplett plattform for bank-infrastruktur, inkludert IT, betalingsformidling og digitale tenester som nett- og mobilbank. Eika Gruppen har eit profesjonalisert prosjekt- og utviklingsmiljø som investerer store ressursar i å utvikla nye, digitale løysingar for lokalbankane.

Produktselskapa i Eika Gruppen – Eika Forsikring, Eika Kredittbank, Eika Kapitalforvaltning og Aktiv Eiendomsmeistring – leverer eit breitt spekter av finansielle produkt, kommersielle løysingar og kompetansehevande konsept. Utover desse leveransane gir Eika Gruppen alliansebankane tilgang til kompetanseutvikling med Eika Skolen, verksemdsstyring med Eika ViS, økonomi- og rekneskapstenester med Eika Økonomiservice og depottenester med Eika Depot-service. I tillegg arbeider Eika Gruppen innanfor område som kommunikasjon, marknad og merkevare og næringspolitikk for å ivareta dei næringspolitiske interessene til lokalbankane på desse områda.

Eika Gruppens samla leveransar sikrar at lokalbankane er konkurransedyktige, slik at dei kan byggja vidare på den sterke, lokale marknadsposisjonen sin.

EIKA BOLIGKREDITT SIKRAR LOKALBANKEN LANGSIKTIG FUNDING

Eika Boligkreditt er ein del av Eika Alliansen og er direkte eigd av 72 lokalbankar og OBOS. Eika Boligkreditt har som hovudformål å sikra lokalbankane tilgang til langsiktig og konkurransedyktig funding. Selskapet har ein forvaltningskapital på om lag 77 milliardar og er, med tilgang til den internasjonale marknaden for obligasjonar med fortrinnsrett (OMF), ei viktig finansieringskjelde for bustadlånsporteføljen til alliansebankane.

ÅRSMELDING 2015

Tysnes Sparebank i 2015

Året 2015 har vore eit merkeår for banken. Det første kontoret utanfor Tysnes kommune vart opna i april på Husnes, banken fekk 200 nye eigarar som til saman gjekk inn med 35 millionar kroner i ny eigenkapital, og på hausten opna banken kontor på Lagunen i Bergen.

I tillegg til dette vart banken kåra til den mest framgangsrike banken blant dei 74 bankane i Eika Alliansen.

Bankens tilsette har gjennom året 2015 vist ei svært god omstillingsevne. Resultatet er tufta på ein flott innsats frå alle tilsette og ein god kombinasjon av erfarne og yngre medarbeidarar som alle vil at banken skal lukkast med målsetjinga om å skapa ein levedyktig frittstående lokalbank for person- og bedriftskundar i nærområdet.

Verdsøkonomien

Verdsøkonomien i 2015 var prega av gradvis lågare råvareprisar som bidrog til å forverra utsiktene for råvareproduserande land som Noreg, men betra kjøpekrafta til USA, Europa og industrilanda i Nordaust-Asia. På nyåret står anslag for BNP-veksten i 2015 for USA på 2,5 pst og i Europa 1,5 pst. Begge anslag vert vurderte til å vera nær normale vekstratar. Veksten i USA var sterk nok til at den amerikanske sentralbanken kunne heva signalrenta si med eit kvart prosentpoeng mot slutten av året, med varsel om nye rentehevingar i 2016. Den amerikanske børsindeksen S&P-500 steig marginalt gjennom 2015 (+0,25pst).

I Europa valde den europeiske sentralbanken ESB å gå motsett vei, og senke innskotsrenta si til -0,3 pst. Dollarkursen styrkte seg markert gjennom året i europeisk rekning og stod i 8,81 kroner ved utgangen av året, opp frå 7,59 ved førre årsskifte.

I råvaremarknadene var året prega av breie fall i prisane på metall, mat og energi. Råoljeprisen målt ved Brent Blend fall under 40 USD per fat mot slutten av året.

Norsk økonomi

Norsk økonomi opplever for tida store utfordringar som følgje av lågare aktivitet i petroleumssektoren. Ein reduksjon i oljeinvesteringane har lenge vore venta, men utslaget på sektoren har vorte større som følgje av det kraftige fallet i

oljeprisen. Førebels anslag frå Noregs Bank viser at veksten i Fastlands-BNP vart redusert frå 2,3 prosent i 2014 til 1,4 prosent i 2015, noko som er det lågaste vekstnivået sidan finanskrisa i 2007. For 2016 forventar sentralbanken at veksten går ned ytterlegare, til 1,1 prosent.

Redusert aktivitet i petroleumssektoren og tilknytt leverandørindustri har ført til at Noreg no er inne i ein omstillingsfase. Ein slik fase måtte koma før eller seinare, i og med at olje og gass er ikkje-fornybare ressursar. Men oljeprisfallet har vore med på å både framskunda og forsterka nedgangen. Oljeprisen har no falle over 70 prosent sidan juni 2014. Oljeprisfallet har også medverka til å svekkja den internasjonale verdien av den norske krona. Ein reknar med at svekkinga av krona, saman med pårekna lågare lønsvekst, kjem til å betra Noregs konkurransevne når det gjeld tradisjonelle eksportvarer, og gi eit løft for norsk eksportnæring.

Fallet i aktivitet i oljerelaterte verksemdar har gjeve svært varierende verknad på norske bedrifter og regionar. Oljeinvesteringane, som lenge har vore ein vesentleg bidragsytar til økonomisk vekst i Noreg, bidreg no negativt. Ein trur at det kraftigaste fallet i investeringsnivået vart teke ut i 2015, men mest sannsynleg kjem me til å sjå ein vesentleg nedgang også i 2016. Dersom den forventa oppgangen i oljeprisen lét venta på seg, kan investeringsnivået og aktiviteten i leverandørindustrien falla vidare. For tida er det liten vilje frå tilbodssida til å stabilisera oljeprisen. På same tid verkar den reduserte veksten i Kina negativt inn på etterspørselen.

Privat forbruk utgjer ein vesentleg del av BNP, men har gjennom 2015 gått noko ned. Utsikter til svakare lønnsvekst, høgare prisvekst og auka arbeidsløyse bidreg til å leggja ein dempar på utviklinga, mens låge renter bidreg positivt med tanke på den finansielle gjelda til hushaldningsektoren. Hushaldningane si sparing utgjorde i store delar av 2015 over 10 prosent av disponibel inntekt (SSBs sparerate), mot 6,7 prosent i gjennomsnitt for åra 2010-2014.

Gjeldsutviklinga for hushaldningane heldt seg relativt stabil gjennom fjoråret, med ein tolv månadersvekst på mellom 6 og 6,5 prosent. Gjeldsveksten er såleis framleis høgare enn veksten i disponibel inntekt, noko som betyr at gjeldsbelastinga på hushaldningane har auka ytterlegare. Utlånsundersøkinga til sentralbanken indikerer både redusert etterspørsel etter lån og innstramming i kredittpraksisen til bankane. Samla sett ventar Noregs Bank at kredittveksten vil gå ned

noko i tida som kjem, men at veksten framleis kjem til å vera høgare enn inntektsveksten.

Bustadprisane var i gjennomsnitt 7,2 prosent høgare i 2015 enn i 2014. Detaljane viser likevel at tolv månadersveksten for Noreg samla går ned. Frå ein årleg vekst i underkant av 9 prosent i starten av året enda veksten i desember på 5 prosent. I marknadsområdet for banken har det tradisjonelt vore mindre svvingar i bustadprisar i skiftande økonomiske tider.

Lokale tilhøve

Lokalt merkar banken aukande arbeidsløyse spesielt innanfor oljeservice-sektoren. Me må forventa at arbeidsløysa i regionen kjem til å auka også i 2016.

Vi registrerer at den største norske banken DnB og regionbanken Sparebanken Vest har varsla nedleggjing av kontor i våre marknadsområder. Dette påverkar den lokale konkurransesituasjonen i Tysnes Sparebank sin favør. Vi ser at mange kundar ynskjer den lokale personlege banken og mange nye kundar tar kontakt med oss.

For å stimulera til auka tilflytting i Tysnes kommune tok banken saman med kommunen og Tysnes Kraftlag initiativ til «Tysnespakken» – eit prosjekt for å marknadsføra kommunen og stimulera til auka tilflytting til Tysnes kommune. Dette prosjektet vart lansert hausten 2014, og så langt har det vore mange positive resultat av det. Målet er ei tilflytting til kommunen på 100 nye innbyggjarar årleg i løpet av dei neste åra. I 2015 er kommunen tett på dette målet, og er ikkje langt unna å verta definert som ein vekstkommune.

Oppdrettsnæringa står for ein stor del av verdiskapinga i kommunen. Den næringa har gode tider – mellom anna grunna kursen for den norske krona som er fordelaktig for eksport-industrien.

Både det offentlege og private lag og organisasjonar jobbar på sine område for å skapa vekst. Banken ynskjer å vera ein aktiv pådrivar i arbeidet for å utvikla ny aktivitet og nye arbeidsplassar i regionen. Det er mellom anna synleg gjennom banken si støtte til Tysnesfest og Festidalen i Kvinnerad. Begge desse arrangementa bidreg til å marknadsføra regionen og gjera han meir attraktiv for nye etableringar av verksemdar.

RESULTAT OG BALANSE

I samsvar med krava i rekneskapslova stadfester styret at rekneskapslova er sett opp i samsvar med gjeldande lover og under føresetnad av at banken skal halda fram med drifta, og at desse føresetnadene er til stades. Årsrekneskapslova, saman med opplysningane i årsmeldinga, gjev ei rettvissande oversikt over utviklinga og resultatet av bankverksemda og banken si stilling.

I samband med framlegginga av rekneskapslova for 2015 stadfester styret at det ikkje kjemmer til tilhøve som er viktige for å vurdera banken si stilling, eller resultat av verksemda som ikkje går fram av resultatrekneskap og balanse. Det er heller ikkje kome til endringar som er viktige for vurderinga av årsoppgjeringa, etter at rekneskapslova vart avslutta.

Eit godt resultat

Tysnes Sparebank oppnådde i 2015 eit resultat før skatt på

12,698 millionar kroner. Dette er omlag 3,2 millionar kroner høgare enn i 2014, og det beste resultatet banken nokon gong har hatt. Resultatet etter skatt vart på kr 9,918 millionar kroner.

Driftsinntekter

Bankens netto rente- og kredittprovisjonsinntekter auka med 4,873 millionar kroner til 29,510 millionar kroner. Rentemarginen er 2,20 prosent mot 2,09 prosent 31.12.2014. Rentnivået er lågt, og det er sterk konkurranse om kundane.

Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning vart 0,814 millionar kroner, ein auke på 0,268 millionar kroner samanlikna med fjoråret. Det er auka utbytte frå strategiske plasseringar i Eika Gruppen AS og Eika Boligkreditt AS som gjev auka inntekter.

Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester vart 8,531 millionar kroner, ein auke på 1,669 millionar kroner frå 2014. Auken er i hovudsak knytt til auka provisjonsinntekter frå utlån i Eika Boligkreditt AS og auka betalingsprovisjonar. Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester er auka med 0,537 millionar kroner, totalt 2,093 millionar kroner i 2015.

Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidlar, vart bokførte med eit tap på 0,351 millionar kroner mot ein liten gevinst i 2014. Banken har plassert overskotslikviditet i ulike pengemarknadsfond og i obligasjonsmarknaden. Det var nedgang i norsk økonomien ved utgangen av 2015. Dette viser igjen i bankens finansielle plasseringar, og det er ført 0,733 millionar kroner i netto verditap på desse investeringane. Det er ført 0,161 i gevinst frå likviditetsoverskots-plasseringar i ulike pengemarknadsfond og 0,220 millionar kroner i positivt resultat som følgje av valutakursendringar.

Gevinst av sal av anleggsaksjar

Banken har i 2015 redusert porteføljen av investeringar i andre finansinstitusjonar, fordi dette gjev frådrag i bankens kapitaldekning etter fastsette reglar. Sal av finansielle aksjar har gjeve ei ekstraordinær inntekt på 1,742 millionar kroner.

Driftskostnader

Bankens driftskostnader utgjorde 24,446 millionar kroner og er ein auke på 2,915 millionar kroner samanlikna med 2014. Driftskostnadene utgjer 1,82 prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Dette er på same nivå som fjoråret. I 2015 er det knytt ekstra kostnader til IT, samt generelle kostnader til bankens vekst.

Bankens kostnadsprosent, dvs. samla driftskostnader målt i høve til samla inntekter, er på 67,14 prosent ved årsskiftet. Dette er ei forbetring på 3,3 prosent samanlikna med fjoråret. Banken har i løpet av 2015 investert i to nye salskontor. Desse investeringane er forventa å gje ei positiv avkastning seinast frå 2017. Begge dei nye kontora viser så langt at dei er i god rute til å nå sine mål.

Tap på utlån og garantiar

Banken kostnadsførte i 2015 tap på utlån med 1,009 millionar kroner, om lag på same nivå som i 2014. Tapsføringane kjem i hovudsak av nedskrivning av bedriftsengasjement. Banken har ikkje hatt tap på garantiar.

Skatt

Skattekostnadene er berekna til 2,781 millionar kroner.

Disponering av bankens resultat

Årsoverskotet vert fordelt mellom samfunnskapitalen og eigarkapitalen i samsvar med deira relative del av bankens eigenkapital. Dette gjev ein eigenkapitalbevisbrøk på 25,02 prosent. Styret foreslår overfor forstandarskapet i banken 100 prosent kontantutbytteutdeling til eigenkapitalbevisegarane, totalt 1,861 millionar kroner. Dette gjev eit kontantutbytte på kr 5,36 per eigenkapitalbevis. Årleg eigenkapitalavkastning vert 7,92 prosent p.a. Kapitalen vart innbetalt i april og får såleis effektivt ni månaders avkastning. I tillegg ynskjer bankstyret å setja av kr 200 000 til gåveutdeling til allmenntyttige føremål. Resten av overskotet vert tilført sparebankens fond.

Styret gjev framlegg om at årsoverskotet for 2015 etter skatt på 9 917 774 kroner vert disponert som følgjer:

Utbytte på eigenkapitalbevis	kr 1.860.775
Overført til sparebankens fond	kr 7.856.999
Utdeling til gåver til allmenntyttige føremål	kr 200.000
Sum disponert	kr 9.917.774

Etter disponering av resultatet for 2015 er eigenkapitalbevisbrøken 23,67 prosent.

Forvaltningskapitalen

Forvaltningskapitalen utgjør 1,450 milliardar kroner ved årsskiftet. Dette er ein auke på omtrent 180 millionar kroner frå 31.12.2014 og kjem i hovudsak av utlåns- og innskotsvekst. Forvaltningskapitalen har hatt ein 12 månaders vekst på ca. 14 prosent sidan førre årsskiftet.

Det er overført 390 millionar kroner i godt sikra bustadlån til Eika Boligkreditt AS (EBK). Dette utgjør 23,1 prosent av bankens totale utlånsportefølje. Sum kapital i arbeid er 1,840 milliardar kroner.

Utlån

Tysnes Sparebank har vekstambisjonar og har teke nye marknadsdelar i 2015. Brutto utlån til kundar i eigen balanse per 31.12.2015 er 1,294 milliardar kroner, ein utlånsvekst på om lag 15 prosent dei siste 12 månadane.

Samla utlånsvolum inkludert Eika Boligkreditt AS (EBK) er på 1,684 milliardar kroner, ein auke på om lag 30 prosent dei siste 12 månadane. Utlån gjennom EBK er 100 prosent til personmarknaden.

Fordeling av utlån mellom privat- og bedriftsmarknaden er 83/17 prosent. Per 31.12.2014 var fordelinga mellom privat- og bedriftsmarknaden 85/15 prosent. Veksten innanfor bedriftsmarknaden er hovudsakleg til små og mellomstore bedrifter i regionen.

Den geografiske fordelinga av utlån på eigen bok rekna etter bustadadresse, er ca. 46 prosent av låneporteføljen heimehøyrande i Tysnes kommune. I 2014 var dette talet ca. 53 prosent. Utlån til Hordaland elles har stige frå ca. 39 prosent i 2014 til 46 prosent ved årsskiftet. Dette samsvarer med bankens strategiske endring om å utvide marknadsområdet til å gjelde Sunnhordland, Hardanger, og Os/Fusa-regionen.

Misleghaldne lån (90 dagar og eldre) før avsetningar er på 0,95 prosent av bankens totale utlån, mot 0,58 prosent på same tid i fjor. Etter dagens regelverk er heile kundens engasjement rapportert, sjølv om berre ein mindre del av lånet/engasjementet er misleghalde. Tapsutsette lån før avsetningar er no 0,23 prosent, mot 0,29 prosent per 31.12.2014. Banken legg vekt på god kredittkvalitet, og veksten skal vera mot dei rette kundane.

Ved utrekning av gruppenedskrivningane er det ved utgangen av 2015 brukt nøkkeltal frå Bankenes Sikringsfond for å få ein mest mogeleg rettvissande modell. Dei gruppevis nedskrivningane på totalt 5 millionar kroner vert vurderte som tilfredstillande. Det er uro i norsk og internasjonal økonomi, og banken gjennomfører jamleg ei grundig vurdering av utvalde engasjement for å avdekkja mogelege individuelle tap og gjennomfører avsetningar i høve til dette. Utlånsporteføljen i EBK er ikkje teken med i berekningane, fordi dette er godt sikra bustadlån innanfor 60 prosent som vert vurdert til å ha låg tapsrisiko.

Styret vurderer risikoen i utlånsporteføljen til å vera låg. Andel av bedriftsmarknadsporteføljen i eigen balanse med lav risiko utgjør ein lågare andel ved utgangen av 2015 enn ved utgangen av 2014. Det har vore god utlånsvekst mot bedriftsmarknaden. I all hovudsak er veksten mot bedrifter i området vårt som vert eigd eller drive av personar banken kjenner og som har vist at dei har lukkast. Enkelte av bedriftene er nystarta, men eigd av kjente kundar. Desse bedriftene vert på grunn av manglande historikk sett i høg risikoklasse det første året. Det er ikkje gjort nokon endringar i risikoprofilen i året som er gått. I ein bank vil det alltid vera ein viss risiko for tap på utlån. Banken har sett av buffer til tap, og det er ikkje bokført tap som er så store at det kan svekkja banken sin tryggleik.

Innskot

Total 12 månaders vekst på innskot har vore om lag 14 prosent. Det totale bankinnskotet frå kundar er ved utgangen av året 1,127 millionar kroner. Tysnes Sparebank si innskotsdekning har halde seg stabil siste året, fordi vekst i utlån på eigen balanse og innskot var omtrent like sterk. Ved årsskiftet er innskotsdekninga 87 prosent mot 88 prosent på same tid i fjor. Innskotsdekninga i Tysnes Sparebank er framleis høg.

Tysnes Sparebank er med i garantiordninga til Bankenes Sikringsfond.

Likviditet og obligasjonar

Banken har god likviditet og har plassert likviditetsreservar i bank- og obligasjonsmarknaden. I tillegg har banken årleg rullerande kredittlinjer for daglege oppgjers-transaksjonar.

I Noregs Bank og andre kredittinstitusjonar er det plassert til saman ca. 58 millionar kroner ved årsskiftet. Det er inngått forvaltningsavtale med Eika Kapitalforvaltning AS for plassering av overskotslikviditet. Porteføljen på ca. 75 millionar kroner er tilpassa ein låg risikotoleranse.

Banken har også plasseringar i aksjar, eigenkapitalbevis og andre verdipapir med variabel avkastning. Banken har redusert denne porteføljen i 2015 med å selja ut mesteparten av investeringar i andre finansinstitusjonar. Resterande portefølje er bokført som anleggsmidlar og er bokført til ca. 15,5 millionar kroner. Porteføljen består i hovudsak av aksjar tilknytte Eika Alliansen.

Finanstilsynet har fastsett nye krav til bankane sin LCR (Liquidity Coverage Ratio). Kravet til LCR er at ein bank til kvar tid skal ha ein likviditetsreserve på minst 100 prosent, dvs. at beholdninga av likvide eigedelar minst skal tilsvare netto likviditetsutgang i ein gjeven stressperiode på 30 kalenderdagar. Krava vert innførte gradvis med krav om 70 prosent likviditetsreserve f.o.m. 31.12.2015, 80 prosent f.o.m. 31.12.2016 og 100 prosent f.o.m. 31.12.17. Tysnes Sparebank sin LCR er 80 prosent ved årsskiftet.

Finansiering og ansvarleg lånekapital

Banken har eit obligasjonslån pålydande 50 millionar kroner og lån i Kredittforeningen for Sparebanker (KFS) pålydande 96 millionar kroner. Banken har ein evigvarande fondsobligasjon pålydande 20 millionar kroner.

Garantiar

Bankens samla garantivolum per 31.12.2015 er 19,829 millionar kroner. Det er ein reduksjon på 12,559 millionar kroner frå 2014. Reduksjonen kjem av endringar i EBKs utrekningmodell for bankens garantiansvar på utlånsporteføljen i EBK.

Soliditet/eigenkapital

Bankens kapitaldekning og kjernekapitaldekning er på 19,47 prosent ved utgangen av året, mot 17,20 prosent per 31.12.2014. Rein kjernekapital er 17,32 prosent mot 14,86 prosent per 31.12.2014. Banken har styrkja soliditeten med ein emisjon på 35 millionar kroner i 2015. Meir enn 200 personar/verksemdar teikna seg for nye eigenkapitalbevis i banken.

I samband med ICAAP har styret fastsett eit mål for kapitaldekning på 17,5 prosent, kjernekapitaldekning på 15,5 prosent og rein kjernekapitaldekning på 14,5 prosent. Banken er over styret sitt kapitaldekningsmål. Ved framleis høg vekst må banken styrkja soliditeten ytterlegare.

Eit anna mål som er viktig for å vurdere banken sin soliditet, er eigenkapitalprosenten. Denne er per 31.12.2015 på 10,10 prosent, mot 8,21 prosent året før.

EIGARSTYRING

Tysnes Sparebank er som sparebank ein sjøveigande institusjon som driv tradisjonell sparebankverksemd. Eigenkapitalen er bygd opp av sparebankens fond (resultata frå drifta) og eigenkapitalbevis (35 MNOK).

Det er lov om finansieringsføretak som fastset styringsstrukturen for banken.

I forstandarskapet, som er det høgaste organet i banken, er det tolv medlemmer, som er valde for fire år. Av desse er tre valde av kommunestyret, tre er valde av innskytarane, tre er valde av eigenkapitalbevisegarane, og tre er valde av dei tilsette. Forstandarskapet vel styret, som har som oppgåve å leia banken i samsvar med lover og vedtekter. Det er styret si oppgåve å tilsetja banksjef.

Styret er på seks medlemmer som er valde for to år om gongen. Bankstyret er også risiko- og revisjonsutval. Eitt av styremedlemene har økonomikompetanse i tråd med krav om at eit styremedlem skal ha rekneskaps- eller revisor-kompetanse.

Forstandarskapet vel også kontrollkomiteen på tre medlemmer. Liste over kven som er med i dei styrande organa i banken, er teken inn i årsrapporten. Forstandarskapet vel i tillegg ansvarleg revisor. Forstandarskapet valde BDO til ansvarleg revisjonsfirma på møte i 2012.

Bankane i Noreg er pålagde ei rekkje kontrollmekanismar som må fylgjast. Her kan nemnast reglar om kapitaldekning, reglar om store engasjement med enkeltkundar, spesielle reglar for lån til tillitsvalde og tilsette, spesielle reglar for inhabilitet og reglar om internkontroll. I tillegg er banken pålagd fleire krav til rapportering til myndighetene.

Eigenkapitalbevis – utbyttepolitikk og omsetning

Banken har som målsetning å kunna gje ei avkastning på eigenkapitalbevisa som er 5–7 prosent betre enn bankrenta ein kan oppnå på innskot. Vidare har me som mål å utbetala utbytte til kvart eigenkapitalbevis etter at årsrekneskapan er godkjend av forstandarskapet.

Banken har ei liste over eigarar som ynskjer å kjøpa eller selja bevis. Det har i løpet av 2015 vore noko omsetning av eigenkapitalbevis. Siste kurs desse er omsette til, er 110 kr. Det er for tida større etterspurnad etter eigenkapitalbevis enn det er seljarar.

RISIKOSTYRING

God risikostyring er ein viktig føresetnad for at banken skal nå måla sine. Risikostyring er derfor sentralt i den daglege drifta og i styret sitt arbeid. Styret har det overordna ansvaret for bankens risikostyring. Styret vedtek bankens risikoprofil og vedtek rammer og overordna retningslinjer for risikostyringa. Styret mottok jamleg rapportering for å sikra seg at retningslinjer vert følgde, og at eksponeringa er innanfor vedtekte rammer.

Policy for verksemds- og risikostyring gjev ei overordna beskriving av verksemdsstyringa, mellom anna risikostyringa i banken. Dokumentet er forankra og vedteke av bankstyret, og skal også sjåast i samanheng med bankens strategi og vedtekter.

I tillegg til policy for verksemds- og risikostyring har banken egne policydokument for dei viktigaste risikoområda. Dette gjeld bankens kreditt-, marknads- og likviditetsrisiko. Operasjonell risiko er beskrivne i eit eige policydokument, som også må sjåast i samanheng med dei andre risikotypar. Banken har ikkje etablert egne policydokument for risiko knytte til strategiske avgjerder, forretningsmessige forhold og bankens omdømme. Denne risikoen har ein likevel teke omsyn til ved vurdering av bankens kapitalbehov i ICAAP-prosessen.

I 2015 etablerte Tysnes Sparebank ein eigen risikokontrollfunksjon (Risk Manager). Formålet er å sikra at bankens risikostyringsopplegg vert etablert og gjennomført i samsvar med vedteken risikoprofil og vedtekte retningslinjer, mellom anna at han oppfyller regulatoriske krav. Risikokontrollfunksjonen skal bidra til å sikra at bankens risikoeksponering er kjend og innanfor den risikotoleransen styret har vedteke. Risikokontrollfunksjonen rapporterer administrativt til banksjef, men har rett og plikt til å rapportera direkte til styret dersom det vert vurdert som nødvendig.

Kredittrisiko

Tysnes Sparebank skal ha ein låg til moderat kredittrisikoprofil. Kredittrisiko er risiko for tap knytte til at bankens låne- og kredittkunder ikkje kan gjera opp for seg til avtalt tid og i samsvar med skrivne avtalar, samtidig med at etablerte sikkerheiter ikkje dekkjer uteståande krav. Kredittrisiko omfattar også tapsrisikoen knytt til garantiar til kundar om å oppfylle forpliktingane deira.

Kredittrisiko er det største risikoområdet i banken, og er under kontinuerleg overvaking. Banken har gode rutinar og ein sterk intern kredittkultur som er viktig å ha som grunnlag når banken skal veksa vidare. Eit godt kredittverk er avgjerande for at banken skal lukkast med målet om lønsam vekst i åra som kjem. Risikoen vert heile tida styrt i samsvar med bankens kredittpolicy, kredittfullmakter, retningslinjer, handbøker og rutinar for kredittvurderingar.

Tysnes Sparebank ynskjer å ha god kontroll og oversikt over risiko for tap i utlånsporteføljen. Banken og Eika Alliansen innførte eit nytt risikoklassifiseringssystem for person- og bedriftskundar i 2015. Risikoklassifiseringssystemet er eit godt verktøy for oppfølging av risiki både på kundenivå og aggregert for heile utlånsporteføljen. Det er to hovudmodellar for risikoklassifiseringssystemet, ein for personmarknaden og ein for bedriftsmarknaden. Begge modellane er sannsynleghetsbaserte og tek omsyn til både interne og eksterne data. For å styre bankens risiko er det sett rammer for samla engasjement innanfor ulike risikogrupper. Ved årsskiftet er banken innanfor desse rammene. Risikoklassane er utgangspunkt for bankens fullmaktsstruktur.

Tap på utlån kan ha si årsak i kundane si betalingsevne, eller endringar i panteverdiar som vert påverka av rentenivå, eigdomsprisar og sysselsetjing. Når eit lån vert innvilga, vert det teke omsyn til alt dette. Banken yter i svært liten grad lån utan sikkerheit.

Utlån til næringslivet medfører større kredittrisiko. Dei nye bedriftskundane til banken kan koma frå heile regionen, men skal ikkje påføra banken for stor enkeltrisiko. Styret har ei målsetjing om at summen av bankens engasjement til bedriftskundar maksimalt skal utgjera 20 prosent av samla utlånsportefølje. Ved årsskiftet er 83 prosent av utlånsporteføljen mot privatmarknaden og 17 prosent mot bedriftsmarknaden.

Alle nye lån som vert innvilga etter fullmakt, vert refererte til styret kvar månad.

Likviditetsrisiko

Tysnes Sparebank skal ha ein låg til moderat likviditetsrisikoprofil. Likviditetsrisiko er risikoen for at banken i ein gjeven situasjon ikkje klarer å finansiera seg i tilstrekkeleg grad til at han kan møta forpliktelsane sine etter kvart som dei forfell. Likviditeten er avhengig av bankens balansestruktur, likviditeten i pengemarknaden og bankens kredittverdigheit. I ein liten bank som Tysnes Sparebank er det viktig å vera oppteken av likviditetsrisikoen.

Styret godkjenner årleg policyen for likviditetsrisiko, og at banken brukar stresstestar og beredskapsplaner som grunnlag i dette arbeidet. Det er blant anna utarbeidd rammer for bankens balansestruktur, forfallsstruktur, størrelse på innskot og fast likviditetsbeholdning. Rammer for likviditetsrisiko vert rapporterte til styret kvart kvartal. Det er sett opp interne

krav som utløyser aktivitet dersom verdiane vert for låge.

Tysnes Sparebank si innskotsdekning har halde seg stabil siste året, då vekst i utlån på eigen balanse og innskot var omtrent like sterk. Ved årsskiftet er innskotsdekninga 87 prosent, mot 88 prosent på same tid i fjor. Innskotsdekninga i Tysnes Sparebank er framleis høg.

Marknadsrisiko

Tysnes Sparebank skal ha ein låg til moderat marknadsrisikoprofil. Marknadsrisiko er risiko for tap knytt til reduserte verdiar av bankens finansielle instrument som følgje av svingingar i verdipapirkursar, renter og valutakursar.

Styret godkjenner årleg policyen for marknadsrisiko, og styringa skjer gjennom detaljerte maksimumsrammer for eksponering i ulike finansielle plasseringar. Marknadsrisiko er ikkje eit kjerneområde for banken. Banken skal ikkje aktivt ta posisjonar og skal berre ha marknadsrisiko som følgje av bankens inn- og utlånsaktivitet og bankens behov for likviditetsforvaltning i renteberande papir. Tysnes Sparebank skal ikkje vera eksponert i omløpsaksjar. Det er inngått forvaltningsavtale med Eika Kapitalforvaltning AS for plassering av overskotslikviditet. Porteføljen på ca. 75 millionar kroner er tilpassa ein låg risikotoleranse. Porteføljen består i hovudsak av plasseringar i pengemarknadsfond og obligasjonar med fortrinnsrett.

Det er alltid ein viss marknadsrisiko knytt til banken si plassering av overskotslikviditet, ved fall i kursane, og ved at nokre mindre aksjeplasseringar er i lokale selskap. Uro i norsk og internasjonal økonomi ved utgangen av 2015 har ført til ei negativ verdivurdering av bankens pengemarknads- og obligasjonsportefølje.

Banken tilbyr ikkje fastrenteinnskot. Fastrenteutlån vert tilbydd gjennom Eika Boligkreditt AS. Tidspunktet for renteregulering av utlån og innskot kan difor styrast sjølvstendig av banken. Etter styret si vurdering er renterisikoen låg.

Bankens valutarisiko knyter seg i hovudsak til bankens avtale om å kjøpa IT-tenester frå danske SDC som er felles leverandør for alle Eika-bankane. Faktura vert betalt i danske kroner, noko som medfører ein avgrensa valutarisiko for Tysnes Sparebank. Banken kjøper og sel reisevaluta til kundane våre. Dette er av lite omfang, og den typen valutarisiko vert vurdert som minimal.

Operasjonell risiko

Tysnes Sparebank skal ha ein låg til moderat operasjonell risiko. Operasjonell risiko er risiko for tap som følgje av utilstrekkelege/sviktande interne prosessar eller system, menneskelege feil eller eksterne hendingar. Dette er risiko knytt til den faste/daglege drifta av banken. Risikoen vert avdekt gjennom internkontroll, hendingsrapportering, systemrapportar for kvitvasking, revisjonshandlingar og kompetanseheving.

Forsterka krav til bankane om AHV – arbeidet (Antihvitvask) har styret tatt inn over seg. Administrasjonen skal kvartalsvis leggja fram rapport som viser hovudaktivitetane som er gjennomførte.

Operasjonell risiko vert blant anna rapportert til styret gjennom kvartalsvise risikorapportar. Risikoen vert vurdert som akseptabel.

ORGANISASJON

Ved utgangen av 2015 var det 17 fast tilsette i banken. Disse er fordelt på 12 kvinner og 5 menn.

For lån og garantiar som er innvilga til tillits- og tenestemenn i banken, er det spesielle og strengare reglar som gjeld, samanlikna med andre kundar. Dette er i samsvar med gjeldande loverregulering. Dei tillitsvalde dette gjeld, er leiaren i forstandarskapet, medlemmer av styret og kontrollkomiteen, og i tillegg kjem selskap som nokre av dei nemnde personar er ansvarleg medlem eller styremedlem i.

Likestillingsarbeidet innanfor sparebanknæringa ligg langt framme, og har nådd det målet som myndighetene meiner er minimumskrav. I Tysnes Sparebank har ein lagt vekt på dette i fleire år, og banken si målsetjing er likestilling på alle nivå så langt det er praktisk mogleg. Utfordringen for banken er å få auka andel av menn i organisasjonen.

Styret i banken er sett saman av fire kvinner og to menn. Banken har ikkje sett i verk spesielle tiltak når det gjeld likestilling siste året.

Etter styret si vurdering er det fysiske arbeidsmiljøet i banken godt, og styret har ikkje funne det nødvendig å setja inn spesielle tiltak på dette området. Samarbeidet mellom dei tillitsvalde og leiinga er tilfredsstillande.

Dei tilsette hadde i 2015 til saman 155 fråværsdagar som kom av eigen sjukdom. Dette utgjør 4,4 prosent av moglege arbeidsdagar, som er 1 prosentpoeng høgare enn året før. Korttidsfråværet (under 16 dagar) er på 2,5 prosent mot 1,0 prosent i 2014. Fråværet kjem ikkje av sjukdom som er relatert til arbeidsmiljøet.

Det er i året ikkje registrert arbeidsuhell eller ulukker med personskade. Etter at Tysnes Bedriftshelseteneste vart avvikla, er banken ikkje medlem av ei slik teneste.

Verksemda til banken fører ikkje til ureining av det ytre miljøet.

Frå og med 1.10.2014 vart den ytingsbaserte pensjonsordninga lukka og erstatta av innskotsbasert pensjon for alle tilsette. Banken er tilslutta ordninga med avtalefesta førtidspensjon (AFP).

SAMFUNNSANSVAR

Banken har ei viktig rolle i folks liv, det vere seg privatpersonar som får oppfylt draumen sin om ny bustad, eller bedriftskundar som får hjelp til å setja gode idear ut i livet. Me avlastar risiko, sikrar likviditet og stimulerer samfunnet. Ikkje minst bidreg banken til samfunnet gjennom gåver og anna støtte til idrett, kultur, ideelle organisasjonar og andre samfunnsnyttige føremål.

